

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Følgjande dokument vart delt ut i møtet:

2014/20824: Brev (udatert) frå lokallaget i Utdanningsforbundet og lokallaget i Norsk lektorlag vedk. oppfølging av skulebruksplanen.

2014/20188: Brev frå UDIR datert 26.08.17 vedk. søknad frå Norges Realfagsgymnas Sotra AS om godkjenning av ny vidaregåande skule

OPEN TIME

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** stilte følgjande spørsmål:

«Kor stor del av elevane i vgs i Hordaland har meir enn 1 times reiseveg?»

Fylkesdirektør opplæring utarbeider melding/notat til OPHE.

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** stilte spørsmål vedk. arbeidet med implementering av metodikken frå NY GIV inn i vgs (jfr. HFK sine nettsider).

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.

Representanten **Alexander Fosse Andersen** stilte spørsmål vedk. eventuell innsparing av fylkeskommunale midlar i samband med lærarstreiken ved 15 vidaregåande skular i HFK.

Fylkesdirektør opplæring utarbeider notat/melding til OPHE med oppsummering av ulike tiltak som er/vil bli sett i verk.

Representanten **Toralv Mikkelsen** stilte spørsmål vedk. kvalitetssikring og oppfølging av nye ventilasjonssystem i fylkeskommunale bygg.

Fylkesdirektør opplæring/eigedomssjefen svara på spørsmålet.